

I dette skrivet vil vi informere dykk litt om barnehagen og planane våre fram til oppstart.



Ein barnehage med omsorg, leik, læring og eit aktivt friluftsliv i fokus.


VELKOMMEN TIL OSS!



STYRAR
ODD-INGAR BREVIK



KONTAKT
950 10 350
www.solvangbhg.no



TIL NYE BARN OG FORELDRE

Solvang Barnehage er ein privat fulltidsbarnehage med fire avdelingar fordelt på to etasjar.

I sokkeletasjen har vi to småbarnsavdelingar. Der er barna 1 og 2 år. Dei har eigen leikeplass tilrettelagt for dei minste.

Hovudetasjen har inngang på bakkeplan mot vest. Det er to avdelingar med barn frå 2-6 år, og eigen leikeplass. I tillegg er styrar sitt kontor i denne etasjen.

BARNEHAGEN

Eigar av barnehagen er Sunnfjord Folkehøgskule og barnehagen ligg på skulen sitt område. Vi har tilgang til skulen sin gymsal, kjøkken, dansesal, fotballbane og disponerar deira minibussar.

Området på skulen har lite trafikk og litt nærme grøntområde og skogen.

Barnehagen vart bygd i 1978, men har hatt fleire oppgraderingar dei siste åra. I 2007 tok vi i bruk sokkeletasjen der det no er to småbarnsavdelingar.

VÅRE SATSINGSOMRÅDER

Uteliv: Vi nyttar nærmiljøet til å gå turar. Vi har lavvo i skogen og naturleikeplass ved fotballbana.

Barnehagen har utvida kristen formålsparagraf. Det vil seie at vi til dømes syng både: «Om du er liten eller stor» og «Bæ bæ lille lam...»



BESØKSDAG

For å få ein "mjuk start", inviterer vi først til ein besøksdag. Her vil vi møtast og utveksle informasjon som er viktig å vite om barnet.

- Vi viser då fram avdelinga og de vil få møte personalet.
- Vi avsluttar med eit måltid saman med dei andre barna på avdelinga.

De vil få utdelt meir informasjon om barnehagen sine rutiner og planar når de er her.

VI SER FRAM TIL Å MØTE DYKK!

Å begynne i barnehagen er ei stor omvelting for små barn og for foreldra. I løpet av sommaren vil vi invitere til ein foreldresamtale. Her har de høve til å fortelje om barnet, stille spørsmål om barnehagen og planlegge oppstarten.

TILVENNING I AUGUST

Vi tek utgangspunkt i 1-3 dagars tilvenningsperiode, der barnet har far eller mor like i nærleiken eller lett tilgjengeleg. På førehand er det vanskeleg å vite kor lang tid det vil ta.

Det varierer frå barn til barn kva tid han/ho er trygg nok til å sleppe far/mor. Foreldra har rett på inntil 3 dagar velferdspermisjon med/utan løn, for tilvenning i barnehagen (høyr med arbeidsgjevar).

I løpet av barnehageåret er det 5 planleggingsdagar. Solvang barnehage føl kommunen sine.

